

En TEKST fra www.dreieskiva.com - Roald's rom i rommet.

Outlines Sal 8. Kva er då eit menneske?

Roald Kvam © 2008

1. *Innleiing.*

a) **Form.**

- Salmetypen hymne (lovsong).
- Vanleg oppbygging av ei hymne:
 1. *Innleiing* med oppfordring til å prisa Gud, eventuelt med grunngjeving i hans storverk som Skapar og Frelsar.
 2. *Hovuddel* med ei skildring av Guds eigenskapar eller gjerningar.
 3. *Avslutting*, ofte med gjentakning av innleiinga.

b) **Inndeling.**

- 1: Overskrift.
- 2a: Guds namn vert lovsunge (ikkje oppfordring, men utbrot).
- 2b-9: Skaparverket og mennesket sin plass i det.
- 10: Guds namn vert lovsunge.

c) **Bakgrunn.**

- «Ein Davids-salme».
- «Til korleiar».
- «Etter Gittit» (jfr Sal 81: 84). Kan angi melodi eller instrument.
- Brukt under Lauvhyttfesten?

2. *Salmen i ein sum.*

- Mennesket er forsvinnande lite og svakt samanlikna med resten av skaparverket. Likevel har det ein eineståande verdi.
- Salmen prisar Gud for han er stor og for den høge stilling han har gitt menneska i skaparverket. Det kan ha samfunn med Gud og har fått oppdrag av han.

3. *Aktuell bodskap.*

1. Menneskers forvaltar-ansvar, m.a. miljøvern.
2. Menneskesyn, jfr abortdebatt.
3. Barna som førebileter på tru.



Dreieskiva.com